



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
22/1331 - 1 / TMJ

Dato:
30.12.2022

Samarbeidsavtale om barnekoordinator

Visert til tidlegare utsendt framlegg til samarbeidsavtale om barnekoordinator og dialog kring dette med Rita Ludvigsen, oppvekstleiar i Masfjorden kommune.

Føremålet med samarbeidet om er å kunna stetta behovet for barnkoordinator til alle kommunane som deltar i samarbeidet. Gjennom «Likeverdsreformen» ynskjer regjeringa å gjere kvar dagen enklare for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting. Eit av tiltaka som trådde i kraft frå og med 1. august 2022, er at det bli lovpålagt at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator.

I dialog mellom samarbeidspartane i Fensfjorden PPT våren 2022, vart det vurdert at det kunne vera tenleg at felles barnekoordinator for kommunane blir lagt som eit tillegg til samarbeidet vi allereie har etablert gjennom Fensfjorden PPT. Fedje kommune slutta seg til avtalen frå 01.08.22. Gulen har så langt avslått tilbod om samarbeid kring dette. Rita Ludvigsen tilbakemelde i desember 2022 at Masfjorden vil slutte seg til avtalen frå og med januar 2023.

I framlegget som vart utarbeidd i februar 2022, var det i første omgang lagt opp til at tenesta totalt sett skal omfatte ei 40% stilling. Barnekoordinatoren skal primært sikre at familiene for koordinerte og heilskaplege tenester, og at dei får nødvendig informasjon og rettleiing. Barn som mottar fleire typar helse- og omsorgstenester over lang tid, har rett på ein koordinator og ein individuell plan. Barnekoordinatoren skal sikre nødvendig oppfølging og samordning, og sikre at hjelpeinstansar rundt barnet samarbeider, men skal ikkje ha rolla som koordinator for ansvarsgruppa og ansvarleg for å individuell plan knytt til einskild barn.

Etter dialog med Rita Ludvigsen, er det vurdert at vi fordeler den delen av den 40% stillinga som etter framlegget var knytt til Gulen kommune, på Austrheim kommune og Masfjorden kommune. Fedje sin del i samarbeidet blir som før.

Stillingsramma er pr. 01.01.23 ei fast stilling i 40%. Stillingsramma vert evaluert årleg. I tillegg er det lagt inn 60 000,- i driftsutgifter. Dette skal mellom anna dekke inn reiseutgifter. Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom kommunane som samarbeider om barnekoordinator, vert utrekna med ei prosentvis fordeling av kostnadane. Fordelinga mellom Austrheim, Fedje og Masfjordne blir som følgjer:



Sætremelykkja 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Austrheim: 45%
Fedje: 10%
Masfjorden: 45%

Årleg kostnadsramme er omlag 350 000,- kroner totalt sett. Kostnadane vert årleg indeksregulert. Kommunen forskotterer sin del av kostnadane kvart halvår; januar og juli.

Dersom Gulen kommune i framtida vil slutte seg til avtalen, må vi eventuelt vurdere fordeling av ressursen og ei eventuell auke av stillinga.

Ber om ei snarleg skriftleg tilbakemelding frå Masfjorden kommune om at dei sluttar seg til avtalen frå og med 1.januar 2023. Avtalen som er sendt ut tidlegare ligg til grunn her, men med dei justeringane som kjem fram over.

Kopi til Fedje og Masfjorden kommunar for informasjon i saka.

Med helsing

Trine Merete Jansen
kommunalsjef oppvekst og kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	Eivindvik

Mottakere:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981

MASFJORDNES